

## Referat - Leiarmøte i Rogaland Sau og Geit

*Quality Recidense Hotel, Sandnes 18. og 19. oktober 2013*

**Leiar i Sandnes Sau og Geit**, Stian Espedal opna møtet og sa at Sandnes med sine 121 medlemmer er eit aktivt lag

**Ordfører i Sandnes**, Stanley Wirak, takka for invitasjonen. Han fortalde interessant frå sin kommune som er landets 4.største landbrukskommune. Det er 13859 v.f.sau, 1400 årsverk er innanfor sau. Sandnes har stor vekst og der er areal-konflikt, men 90% vil verna om jordbruket. Det er og 2473 juletrær i kommunen. Me må få folk som tør å satse og legge forholda til rette for eit levande jordbruk.

### **Opprop v/Berge Kjell Opsal**

Alle vereringane, unntatt Finnøy, var representert, 11 lokallag møtte ikkje, -Finnøy, Forsand, Jøsenfjorden, Klepp, Kvitsøy, Sandeid, Sauda, Sola, Ølen og Årdal

### **Leiarens tale v/ Torill Undheim**(Leiar Magne Jakob var i gravferd nokre timar)

*Fjell/Heiabeite*. Alle sauene skal heim, naboen sine og. Radiobjøllene (Find my sheep) ser ut til å fungere bra i heile Rogaland. Spørsmålet er kvar skal dei brukast neste år?

*Slaktelam*. Mange tynne lam dette året, mest ikkje feittrekk. Slakteria får inn lamma seinare enn vanleg.

*Fotråte*. Har ein slags kontroll, men det dukkar stadig opp nye tilfeller.

*Kurs for unge bønder* var vellukka med 43 deltakar. Takker Fatland, Nortura og Prima for støtte. Takk også til Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge

*Prosjekt* som RSG har jobba med: Auka bruk av heiabeite, Smittebeskyttelse av sauebesetningar, Parasittbehandling av sau i Rogaland, Massivtrehus

*Fjelldagane* samla vel 180 deltakar på ein vellukka tur til Sveits. Takk til Leif Matnisdal og Asbjørn Haga for godt gjennomført fag program. Neste år vert det i Trøndelag.

Rabattavtale har vi fått når det gjeld sankeradio med 123 Communication, og apotekavtalen går sin gang

*Profilerings*. RSG har kjøpt banner og beach-flagg til utlån

Ny regjering, - kva skjer i sauenæringa nå. Det kan fort gå bra!

Innspel:

- Me må passe på dei unge bøndene som har vore på kurs
- Fotråteprosjekt vert nå lagt under Mattilsynet, RSG bør ta tak i dette og vere med
- Bonden bør få tilbakemelding frå slakteria om hjerneprøver som vert tatt, Mattilsynet kritiserer bonden dersom han ikkje melder frå om daude dyr.

### **Klassifisering v/Halvor Mikalsen**

Halvor snakka om kvardagen til ein klassifisør, korleis dei vert kursa, kontrollert og kor strenge krav som vert sett. Det vert samla til kurs/kalibrering før sesongen, og slakteria vert besøkt 6 gonger i sesongen. Kunnskapen skal vere så god at klassen vert satt på 6 sekund.

Innspel:

Kva med feil klasse, me ser dei kun levande?

Reagerer du på at det er feil klasse, ta ein telefon til slakteriet kjapt, kan og vere lurt å sjå eigne dyr på kroken saman med klassifisør. Vekt på dyra må stemme, elles vert det feil ved skjering

Kva tid på hausten er det rett å slakta? Mykje i R+ fyrste gongen og siste slakting i U-.

Kva med vekt-/feitt klasse på desse lamma?

Fri tilgang på kraftfôr kan vere årsak til avvik.

Svar: Har ingen god forklaring på dette, det er imot det normale

### **Informasjon om heia v/Bjarne Østerhus.**

Fokus på å få heim sauene frå heia, det er ein sum pengar som kan søkjast om og nyttast til det. Auka bruk av heiaberte, kva kan me gjera for å få med nye?

### **Informasjon om smittebeskyttelse v/Asbjørn Haga**

Viktig å tenke smitte i forbindelse med forflytting av sau

Kartlegging av kontakter til besetninger. Unikt i Rogaland om me får dette til.

### **Avlsrådet for sau v/Ivar G. Slettemoen**

Me må få ein sau som nytter utmarka, det er viktig for Norge. Spælulla er ikkje bra på innsatt Semin verer, kven er det som bestemmer?

Utfordring med fire lam, vil ha sau som klare å gå med tre lam.

Innlegget til Ivar på Framtidas sau. 21.8.13 Slettemoen.pdf, se vedlegg.

### **Lokal-lagets time**

Lokallaga var engasjerte og kom med innspel og spørsmål, slik som:

- NSG må jobbe for å heva summen til leitesau
- Info frå RSG ønskes tilsendt tilsendt på E-post. RSG oppfordre til å bruke [www.rsg.no](http://www.rsg.no)
- Ull innsamling-godtgjørsle,- får ikkje frå private slakteri. Skal sjekke dette, avtalen er lik mellom slakteria
- Viktig med beitelag som fungerer, der heile familien er med
- Invitere med heiasjefer/beitelag neste år til Leiarmøtet. Ikkje greitt, dei er i heia og leiter nå
- Kurs i BSF. Det er eit tungrodd system, og RSG har hatt for lite påmelding
- Må få ein sau som er meir lettstelt
- Rabattavtale med 123 Communication på sankeradio. Me må ha meir enn to kanalar, og me skal prøve å ordne det
- Revepremie er positivt, viktig å halde fram. Frist for søknad er 1.desember, kan og søkje om dispensasjon til revefeller. Enkeltpersoner som må søkje, ikkje lag
- Må tenkje rekruttering, Sør-Jæren Sau og Geit har ungdomsgruppe, det er positivt
- Positivt med Slaktekurs, Open Gard, Saueklypping, Fjelldagane, Beach-Flagg

### **Kva kan Innovasjon bidra med til utvikling i saueholdet v/Geir Skadberg**

Geir starta med å takke sauebonden for innsatsen, dei gjer ein god jobb for heile samfunnet. Søknad til bygg, -start med telefon til Innovasjon Norge. Har blitt meir liberale enn før og det må tilpassast kvar enkelt.

Les innlegget på Rogaland sau og geit Geir Skadberg 19 okt 2013.pdf, se vedlegg.

### **Kåring 2013** v/Per Johan Lyse

Dommar-samling hjå Kjell Steinar Løland, takk til han som stilte gard og dyr til disposisjon. Dommarane vurderte fleire rasar og er samkøyrt og flinke. Det er viktig at alle retter seg etter gjeldane regler.

### **Korleis takle vinteren med lite grovfôr** v/Ingvild Steinnes Luteberget

Kald vår, vinterskade på eng, utnytt beitene best mogleg, bruke meir kraftfôr  
Les innlegget til Ingvild på Rogaland Sau og Geit Ingvild Steinnes Luteberget.pdf, se vedlegg.

### **Leiar i NSG, Tone Våg**

- Ros til RSG
- Har lytta og tar med innspel
- Viktig med sau
- Ta vare på ungdomen
- Tenk over Ivar G. Slettemoen sitt innspel og reflekter over det
- Imponert over alle våre prosjekta til RSG
- Utmarksrådet jobbar med tilskot til organisert beitebruk, bjøller mm
- Overraska over at Rogaland har dårleg erfaring med Mattilsynet, dei skal vere ein støttespelar
- Takka for invitasjonen, viktig med god dialog